



VINDAFJORD
KOMMUNE

HØYRINGSUTKAST

Kommunedelplan 2026-2038 for naturmangfold og karbonrike areal Forslag til planprogram med høyringsfrist



Kobbersmelle,
Ctenicera cuprea,
Fotograf:
Leiv Tommas Haugen



Innhold

Innhold	2
1 Innleiing.....	3
1.1 Kva er naturmangfald	3
1.2 Bakgrunn	5
2 Føringar	5
2.1 Mål i kommuneplanen	6
2.2 Strategi i kommuneplanen	6
3 Plantype og forhold til andre planar	6
4 Formål, tema for arbeidet og planavgrensing.....	7
4.1 Formål	7
4.2 Tema for arbeidet.....	7
4.3 Planavgrensing.....	9
5 Organisering og medverknad	9
6 Framdriftsplan	11



1 Innleiing

Det skal utarbeidast planprogram for alle kommuneplanar, jf. plan- og bygningslova § 4-1. Planprogrammet inngår som eit ledd i varsling av planoppstart, og skal danne grunnlaget for planarbeidet og avklare rammer, mål og utfordringar. Det skal gjerast greie for føremål med planarbeidet, planprosessar, opplegg for medverknad, behov for utgreiingar med meir.

For klima og miljø er langsiktig velferd, verdiskaping og livskvalitet i tråd med berekraftsmåla avhengig av at me tar mange omsyn samtidig. Me må halda intakte økosystem ved lag, ta vare på naturmangfald, kulturmiljø og friluftslivsområde og avgrensa og tilpassa oss klimaendringane, samtidig som me sikrar vidare utvikling av gode offentlege tenester, infrastruktur og lønsam næringsverksemd.

Som eit ledd av å nå måla sett om klima og miljø i kommuneplanen er det nå sett i gong arbeid med å utforme ein kommunedelplan for naturmangfald, som er i samsvar med planstrategien for Vindafjord kommune for 2024-2027.

Det er dette planprogrammet som nå blir lagt ut på høyring, med mål om politisk vedtak av planprogram i juni 2025.

I samband med plansoppstart og som ein del av medverknaden blir det lansert ei [digital kartløyising](#) kor det vil vere mogleg å registrere område over viktige naturverdiar direkte i kartløyisinga. Denne løyisinga vil vere open i heile medverknadsperioden.


I løpet av våren (april-mai) vil det bli arrangert medverknadsmøte med interesseorganisasjonar og eventuell anna lokal kompetanse. Møta vil elles ha fokus på korleis kunnskapsgrunnlaget ytterlegare kan bli betre og innspel til planarbeidet med målsettingar og tiltaksplan. Me ønskjer tilbakemelding frå interesseorganisasjonar og eventuell anna lokal kompetanse som kan tenke seg å vere med i planarbeidet.

For nærare spørsmål, kontakt Anne Sofie Sandvik på tlf. 93 64 60 43 eller e-post anne.sofie.sandvik@vindafjord.kommune.no.

1.1 Kva er naturmangfald

Naturmangfald er definert som summen av biologisk mangfald, landskapsmangfald og geologisk mangfald, sjå Figur 1. Biologisk mangfald omfattar variasjonen i økosystem, artar og genetisk mangfald innan artane, samt dei økologiske samanhengane mellom desse. Likeeins omfattar geologisk mangfald variasjonane i berggrunn, mineral, lausmassar og landformer, samt prosessane som skapar dei. For omgrepet landskap siktar ein til større samanhengar i naturen der landskap med fellestrekk i innhald, samansetjing og form vert omtala som landskapstypar. Det er variasjonen i desse som utgjer landskapsmangfaldet.

Omgrepet naturmangfald legg såleis til grunn den nære samanhengen mellom biologisk, geologisk og landskapsmessig mangfald: geologi og landskap dannar delar av grunnlaget for det biologiske mangfaldet, og samtidig er det biologiske mangfaldet med på å forme landskapet.



Figur 1. Illustrasjon av omgrepet naturmangfold som viser sammenhengen mellom biologisk, geologisk og andskapsmessig mangfold. Figuren er utarbeidd av Nyhetsgrafikk. Henta frå Meld. St. 14 (2015-2016), s. 14



1.2 Bakgrunn

Å ta vare på naturmangfaldet er viktig, ikkje berre for naturen sjølv, men for samfunnet i sin heilskap ([NOU 2024: 2](#)). Men, naturen i Noreg er under press ([Norsk rødliste for arter, 2021](#)), og kommunen er ein nøkkelaktør i å ta vare på naturen og naturmangfaldet rundt oss for framtida ([Meld. St. 35](#)).

For å hjelpe kommunane med dette arbeidet har miljødirektoratet ei tilskotsordning for utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfald. Vindafjord kommune søkte på denne ordninga, og fekk tilsegn på 400 000,- i tilskot for utarbeiding av ein kommunedelplan for naturmangfald. Den 15.04.2024 vedtok utval for drift utvikling og kultur at arbeidet med kommunedelplanen for naturmangfald skulle starte opp (politisk sak 018/24).

Tilskotsmidlane blir brukt for å betre/samanstille kunnskapsgrunnlaget samt lage forslag til tiltaksplan for å ta vare på naturmangfaldet i kommunen, og kommunen har etter utlysing engasjert Biofokus til dette arbeidet.

Ein kommunedelplan for naturmangfald vil kunne fungere som eit kunnskapsgrunnlag og verktøy i kommunen sitt arbeid for å ta vare på naturmangfaldet, både innanfor arealplanlegging etter plan- og bygningslova og anna kommunal planlegging og forvaltning.

2 Føringar

Det er fleire nasjonale forventningar knytt til klima, natur og miljø for framtida. Kvart fjerde år legg regjeringa fram [nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging](#) (2023-2027). For dette planarbeidet er desse særleg viktig:

- *Viktig naturmangfald, jordbruksareal, vassmiljø, friluftslivsområde, overordna grøntstruktur, kulturmiljø og landskap blir kartlagde og sikra i planlegginga. Samla verknader av eksisterande og planlagt arealbruk blir lagt vekt på*
- *Omdisponering og nedbygging av karbonrike arealer, inkludert myr, tidevannssump og andre typer våtmark og skog, unngås så langt som mulig, slik at arealenes evne til lagring og opptak av karbon opprettholdes.*

For å ta vare på naturmangfaldet blir utforming av kommunedelplan for naturmangfald trekt fram som eit viktig verktøy for å oppnå dette. I stortingsmelding 14 (2015-2016) *Natur for livet – norsk handlingsplan for naturmangfold* står det blant anna:

“Utarbeidelse av en egen kommunedelplan for naturmangfold, der kommunen identifiserer og tar hensyn til naturverdier av både nasjonal, regional og lokal betydning, vil være et viktig bidrag til den mer grundige interesseavveiningen som skal foretas i den etterfølgende prosessen med kommuneplanens arealdel. (...) En planlegging for boligbygging, næringsutvikling, samferdselsanlegg mv. som også ivaretar hensynet til naturmangfold, forutsetter god samhandling og bevisst prioritering i arealforvaltningen. Gjennom arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel og arealdel gis kommunen anledning til å se hele kommunens areal, på land og i sjø, i sammenheng. Både samfunnsdelen og arealdelen av kommuneplanen er velegnet for langsiktige prioriteringer på et overordnet nivå, herunder hva angår bevaring av viktige miljøverdier.”



I kommuneplanen sin samfunnsdel er det tatt stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for heile kommunesamfunnet og for kommunen som organisasjon. Kommuneplanen har vidare vedtatt overordna mål for å ivareta klima og miljø. Særleg førande for denne kommunedelplanen er oppsette mål under kap. 2.2.

2.1 Mål i kommuneplanen

Hovudmål	Hovudmål i andre planar	Delmål	Delmål i andre planar
1. Redusera klimagassutslepp	Økonomiplan: Innarbeida		
2. Vera førebudd på verknadene av klimaendringane	Økonomiplan: Innarbeida		
3. Redusera forureining	Økonomiplan: Innarbeida		
11. Forvalta naturressursane og ta vare på naturverdiane for noverande og kommande generasjonar	Økonomiplan: Innarbeida		

2.2 Strategi i kommuneplanen

Namn på strategien	I andre planar	Hovudmål	Delmål	Satsingsområde
2. Utarbeida ein kommunedelplan for naturmangfald og karbonrike areal.	Økonomiplan: Ikkje innarbeida	11. Forvalta naturressursane og ta vare på naturverdiane for noverande og kommande generasjonar		Berekraftig kommune

3 Plantype og forhold til andre planar

Ein kommunedelplan skal utarbeidast etter plan- og bygningslova sine krav til prosess (figur 2) og medverknad.


Etter pbl. § 11-5 første ledd andre punktum kan det utarbeidast arealplanar for delar av kommunen sitt område, altså ein kommunedelplan. For at ein slik plan skal kunne reknast som ein arealplan, med dei rettsverknadene slike planar har, må den følgje lova sine reglar for kommuneplanen sin arealdel. I så tilfelle vil det vere høve til å gi juridisk bindande planføresegner med heimel i pbl. §§ 11-9 til 11-11.



Denne planen vil følge lova sine reglar for kommuneplanen sin arealdel.

I samsvar med § 11-1 (PBL) kan det utarbeidast kommunedelplan for bestemte område, tema eller verksemdsområde. Kommundelplan følgjer dei same formalkrava til planprogram og medverknad. Kommuneplanen skal ha ein handlingsdel som angir korleis planen skal følgjast opp dei fire påfølgjande åra eller meir, og reviderast årleg.

Handlingsdelen vil ha ein tiltaksplan og dersom tiltaka treng finansiering for å bli gjennomført vil dette blir spilt som eigne tiltak til økonomiplanen.



Figur 2: Visuell framstilling av planprosess.

4 Formål, tema for arbeidet og planavgrensing

4.1 Formål

Hovudmålet med planen er å ta vare på naturmangfaldet i Vindafjord kommune. Dette skal bli oppnådd gjennom å betre kunnskapsgrunnlaget om naturverdiane i kommunen og få ein politisk forankra plan med konkrete mål og tiltak for å ta vare på desse. I tillegg er det eit mål om at planen skal skape eit større engasjement, kunnskap og kompetanse om naturmangfaldet i Vindafjord, og gjere det meir føreseieleg for innbyggjarar, administrasjon/forvaltning, politikarar og utbyggjarar/næringsliv i sakar som omhandlar/påverkar naturmangfaldet i kommunen.

4.2 Tema for arbeidet

Følgjande fem tema gir særlege prioriteringar og fokusområde for arbeidet med planen:



- Samanstille og betre eksisterande kunnskapsgrunnlag.

Det har blitt kartlagd ein del natur i kommunen opp gjennom åra, både i kommunal regi og i konsekvensutgreiingar gjort i samband med utbyggingsprosjekt. Mykje av kartlegginga er ikkje offentleg tilgjengeleg i kartdatabasar som Naturbase/Temakart-Rogaland, og ein må inn i ulike arkiv eller på nett for å finne informasjonen.

Vindafjord kommune vil samanstille all naturkartlegging som har blitt gjort i kommunen (samt dei gamle kommunane Ølen og Vindafjord) i løpet av dei siste 30 åra og kvalitetssjekke innsamla data. Kartlegginga som er gjort i kommunen må så samanstillast med det som allereie er registrert i relevante offentlege kartdatabasar. som Naturbase og underliggende baser som Artskart, Kilden, Økologisk grunnkart og NGU. I samanstillinga og analysen av registrerte data vil det og bli nytta lokale ressurspersonar.

Samanstilt og oppdatert kunnskapsgrunnlag vil gjere det lettare for administrasjon, beslutningstakarar og innbyggjarar å ta velvurderte val når det kjem til arealforvaltning. Biofokus vil oppdatere kunnskapsgrunnlaget vårt og komme med forslag til utvida kartlegging og forslag til tiltak til kommunedelplanen.

Dersom kommunen får tilskot til utvida kartlegging i 2025 vil utvida kartlegging gå inn i kunnskapsgrunnlaget til planen.

- Fastsette gode mål for Kommundelplan for naturmangfald og karbonrike areal

Målsettingar i kommuneplanen er førande for arbeidet med kommunedelplanen. Som omtalt i innleiinga er valet om fastsetting av sektorovergripande tema viktig for kommunen sitt overordna fokus og klima og miljø er eit av desse tema. Vidare har kommunen fastsett tre satsingsområde, der eit av desse er berekraftig kommune. Ut frå dette er det vedtatt fleire overordna målsettingar der det viktigaste målet for dette planarbeidet er mål nr. 11 - Forvalta naturressursane og ta vare på naturverdiane for noverande og kommande generasjonar.

- Kommunedelplanen skal fastsette SMARTe undermål for å kunne oppnå målsettinga over. Eit mål bør vere spesifikt (Specific), målbart (measurable), oppnåeleg (Achievable), realistisk (realistic) og tidsbassert (time-related).
- Måla bør blant anna seie noko om kor stor del av naturen som skal takast vare på i naturleg tilstand, kva for restaurerbare areal som skal identifiserast, kor stor del av dei karbonrike areala skal vere identifisert og sikra og korleis trua artar skal sikrast. Det bør og vere målsettingar som sikrar ein plan for vurderingar av manglar, usikkerheit og hol i planen og som setjar i verk tiltak mot framande artar.

- Fastsette kva for naturverdiar som det er viktig å ta vare på for å avgrense inngrep i trua natur

Ut frå innsamling og samanstilling av allereie kartlagd natur vil data bli analysert og så langt som mogleg bli rangert etter naturverdi (viss dette er formålsteneleg). Sentrale kartbaser vil kunne bli oppdatert. Med bakgrunn i kunnskapsinnhentinga vil det og bli utarbeida eit statuskart for kor natur er godt, ufullstendig og dårleg kartlagd i kommunen.

Område med naturverdi kan vere alt frå definerte naturtypar (naturbeitemark, boreal lauvskog, osv.) til viktige viltkorridorar, grønne lunger, viktige våtmarker, hekkeområde og næringsområde for fugl, amfibiar osv. Viktige område for biologisk mangfald treng altså ikkje berre vere definerte naturtypar, men område som er viktige for det biologiske mangfaldet i kommunen. Målet er at dette skal resultere i eit temakart over viktige naturverdiar som gir



grunnlag for juridisk bindande omsynssoner med naudsynte føresegner i kommuneplanen (sjå punkt lenger ned).

- Utarbeide ein handlingsdel med ein konkret tiltaksplan og eventuelt ytterlegare kartlegging av naturmangfaldet.
Ut frå samanstilling av kartlagd naturverdi og supplert kartlegging av naturverdiar sommaren 2025 skal Biofokus komme med forslag til tiltak for å ivareta område med kjend naturverdi og synleggjere kva funksjon desse områda har for ulike typar artsgrupper. Tiltak vil og kunne rettast mot ansvarsartar som Vindafjord har eit særleg ansvar for å ivareta i eit regionalt og nasjonalt perspektiv. Det er viktig at det blir utarbeidd tiltak som er overordna og politisk forankra som igjen sikrar gjennomføring av tiltaka. Tiltaksplanen skal følgje opp målsettingane og viktige tiltak kan derfor vere tiltak som motverkar framande artar, sikringstiltak for dei mest trua artane, og ein tiltaksplan for vurdering av manglar, usikkerheit og hol i planen. Tiltaksplanen kan derfor også innehalde tiltak for artar som ikkje enda er kartlagd. Ytterlegare kartlegging av naturverdiar og naturmangfald vil og vere ein del av tiltaksplanen, og det vil ut frå arbeidet med å samanstille kunnskapsgrunnlaget bli føreslått område med viktige naturområde eller viktige naturverdiar som bør kartleggast vidare.
- Utarbeide føresegner og retningslinjer for å bidra til å redusere tapet av naturmangfald
Føresegnene og retningslinjene skal utarbeidast for å sikre naturmangfaldet i kommunen. Desse kan vere knytt til temakart og omsynssonene over, men kan og til dømes vere knytt til trua artar, framandartar og ansvarsartar som Vindafjord har eit særleg ansvar for å ivareta i eit regionalt og nasjonalt perspektiv.

4.3 Planavgrensing

Planen skal gjelde for heile kommunen med sjøareal. Målet er å gje ein så heilskapleg oversikt som mogleg over naturmangfaldet i kommunen.

Tema for planarbeidet som er presentert over gir særlege prioriteringar og fokusområde innafor planavgrensinga.

5 Organisering og medverknad

Organisering av arbeidet

Oppdragsgjevar	Kommunestyret	
Prosjekteigar	Einingsleiar areal og forvaltning	
Styringsgruppe	Utval for drift, utvikling og kultur (DUK)	
Prosjektleiing	Rådgjevar for miljø, klima og landbruk	
Administrativ styringsgruppe	Eining for areal og forvaltning	
Administrativ arbeidsgruppe	Einingsleiar areal og forvaltning, Rådgjevar for miljø, klima og landbruk og	



I samsvar med § 5-1(PBL) skal alle som fremjar planforslag legge til rette for medverknad. Eit planprogram skal i samsvar med pbl §4-2 gjere greie for medverknadsprosessen. Planprogrammet legg opp til ein tredelt medverknadsprosess, ein tilknytt medverknadsprosessen til kommuneplanen sin arealdel, ein spesielt retta mot interesseorganisasjonar og ei digital innspelsløyising. I tillegg til dette blir det ordinær høyring gjennom plansoppstart og høyring av planprogram og seinare høyring av planforslaget. Det vil i tillegg bli informert jamleg om planprosessen på kommunen sine nettsider under menykort planar og styringsdokument.

I møte med grendeutvala vil det vere fokus på å informere om planarbeidet og etterspør lokal kompetanse og interesseorganisasjonar som kan vere nyttige i det vidare arbeidet med både kunnskapsgrunnlaget og planarbeidet. I samband med plansoppstart vil det også bli lansert ei digital kartløyising kor det vil vere mogleg å registrere område over viktige naturverdiar direkte i kartløyisinga. Denne løyisinga vil også bli presentert på grendeutvalsmøta og vil vere open i heile medverknadsperioden.

Litt seinare på våren vil det bli arrangert nye medverknadsmøte med interesseorganisasjonar og eventuell anna lokal kompetanse. Biofokus vil presentere førebels oversikt over samanstillt kartlegging av naturverdiar i kommunen og kva som vil bli ytterlegare kartlagd sommaren 2025 (dersom kommunen får tilsegn på natursatsmidlar). Møta vil elles ha fokus på korleis kunnskapsgrunnlaget ytterlegare kan bli betre og innspel til planarbeidet med målsettingar og tiltaksplan. Det kan og bli aktuelt med arbeidsmøte med organisasjonar og personar utanfor kommunen si administrasjon seinare i planprosessen.

Aktuelle aktørar for medverknad i planprosessen kan til dømes vere:

- Jakt og fiskeforeining
- Bondelag
- Grendeutval
- Birdlife
- Botanisk foreining
- Naturvernforbund
- Turistforeining/turlag
- Lokale ressurspersonar
- Regionale forvaltningsorgan
- Lokalt næringsliv



6 Framdriftsplan

I vedtatt planstrategi står det at planarbeidet skal starte opp i 2024 og slutføres i 2025. Miljødirektoratet opnar gjennom tilskotsordninga natursats til ytterlegare kartlegging av naturmangfald i 2025. Dersom kommunen får tilsegn på søknad vil planarbeidet ta noko lenger tid.

Framdriftsplanen tek utgangspunkt i at kommunen får gjennomført ei kartlegging av naturmangfald sommaren 2025 og dermed få på plass eit betre kunnskapsgrunnlag i forkant av ferdigstilling av kommunedelplanen. I Miljødirektoratet sine vilkår for tilskot til utforming av planen står det at ein må ha ein politisk vedtatt plan våren 2026.

Framdriftsplan <i>Kommundelplan for naturmangfald og karbonrike areal</i>	2024				2025				2026	
	Q1	Q2	Q3	Q4	Q1	Q2	Q3	Q4	Q1	Q2
Planstrategi										
Førebuing										
Søknad: tilskot til utarbeiding av plan										
Politisk vedtak oppstart plan										
Utllysing konsulent										
Planoppstart/ Kunnskapsgrunnlag										
Medverknad 1: Grendeutvalsmøte										
Søknad: Tilskot til utvida kartlegging										
Planprogram										
Medverknad 2: Digital innspelsløyising										
Rapport - kunnskapsgrunnlag										
Medverknad 3: Interesseorg.										
Kartlegging av biologisk mangfald										
Planarbeid										
Planskildring										
Handlingsdel med tiltaksplan										
Plankart										
Føresegner/retningslinjer										
Under arbeid/høyring og fram til vedtak										

Figur 3: Forslag til framdriftsplan for utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfald